Neste rekke :Kjell Vestvik, Kjell Haukefær, Solveig Vestvik, Judit Haukefær (søster til Konstanse med to barn på fanget) Kristbjørg og Brynhild, Peder Toft (Peremann)  
Framme: Anne Grete Vestvik (Engen), Johan Henrik Haukefær, Olav Vestvik, Artur Vestvik.*



takka for tuppen (hønsa). Då hadde ei høns kome med i ein brødkasse og blitt med til byen. Mamma prøvde også å selja sjokolade og drops, men det blei det ikkje mykje netto av. Fortenesta gikk ned gjennom halsen på oss borna.

Eg var ikkje gamle karen, ca. 12 år, då eg og kameraten min, Peder Toft (Peremann) balte med teiner og fiska hummar. Om sommaren skar me skråma og tare som me tørka og selde i Espevær. Eg kan ikkje hugse mor mi sa at det var farleg å vera på sjøen. Difor følte eg meg alltid trygg i robåten, sjølv om det var frå ein slik båt pappa drukna.

Sidan var eg med Stenersen og vodla torv, var også med og tok opp poteter. Ein dag hadde me pølser til middag. Då me hadde ete, var det ei pølsa igjen. Denne trudde eg at Lisa (kona til Stenersen) skulle ha, men ho gav den til katten. Ja den katten kan vera gla for at me to ikkje var åleine. Same sommaren var eg med og førte sauer til Dimmelsvik for Johannes Hovland. Der fikk eg med meg ei matbombe som eg aldri før hadde sett maken til. Der var mykje godt. Det var nok Tilla som hadde laga den til. Turen til Dimmelsvik foregjekk med "Von" (skøyta til Celius). Det blei seine kvelden før me var tilbake.

Den sommaren eg skulle konfirmerast, fekk eg jobb hos bonden Artur Minde på Vorland. Då lugga eg løk og tynnte ut gulerotter. Dette tykte eg var ein dritjobb, men betalinga var god. Eg tente så mykje at eg hadde nok pengar til alt konfirmasjonsutstyret og endå ein del til overs.

Handelsgjelda hos Tønnes Olson hadde stige til kr. 1200 i 1953. Takka vere han fekk me det nødvendigaste å leva av. Me er han stor takk skyldig. Ved sida av dette var der kr. 370 i gjeld til Hans Tvedt. Dette var utestående for teinetau og redskaper. Etter denne dagen gjekk



*Johan Kallevåg (morfar) sin begravelse*  
 1. rekke f.v. Marry, Hilda, Ragnvald  
 2. rekke f.v. Konstanse, Judit, Artur  
 3. rekke f.v. Lillemor, Johanna, Ragnhild



*Peder Toft (Peremann) og Artur*

gjelda berre nedover til den var fullt ut betalt og sletta hos begge kjøpmennene.

Oppveksten og barndommen på Kalavåg var fin, med mange gode forteljingar, men det er ei anna historie.

Etter konfirmasjonen reiste eg ut. Først på brislingfiske og sidan på andre fiskeri. Seinare på langfart.

# Fra min barndoms minnebok

## Om slaget på Hjertnesvågen

Av Halldis Hjertnes Tollaksen

Desembertåka hang tykk, - det var en slik dag det ikke ville bli ordentlig dagslys. Mannfolka, d.v.s. far og farfar, holdt på med noe arbeid nede ved sjøen. Hummerfisket i fjorden var slutt for i år, teinene skulle opp på loftet, og de hadde fått ryddet austre naustet da de kom hjem til middag.

Det var da de fortalte om to tyske skip som ankret opp på vågen, nesten ute ved Lindalsneset. Det krydde av folk ombord, og båtene var utstyrt med skyts både foran og akter, og også midskips. De hadde låret en båt og gått i land på Lindalen og hentet lass med furubar for å bruke til kamuflasje. Dette var skremmende, - og spennende.

Vi kan ikke se sjøen fra huset, men jeg snek meg (uten lov) sør på Kleiva for å se. Avstanden og tåka gjorde at jeg bare fikk en aning om hvor båtene lå.

Farfar gikk til sjøen igjen, ville vel helst ha tilbrakt natta der nede og, - for som han sa "Kan det pakket stjele landet vårt, kan de stjele det vi eier også". Og notbruk og redskaper var ikke

lett å få tak i, i krigens dager. I alle fall var han grytidlig oppe neste morgen og gikk til sjøen.

Så var det henimot middagstid at vi hørte skyting lenger inne i fjorden. Senere fikk vi vite at engelske fly på tokt hadde angrepet en tysk båt inne ved Mostralandet.

Skipene på Hjertnesvågen lå fremdeles kamuflert, men da flyene kom utover fjorden, åpnet de ild mot dem, og dermed kan vi vel si at Helvete var løs. Far kom akkurat inn med et vedfange, - det var tid for middag, - da han ropte: "Kom dere i kjelleren!" Flyene hadde svinget slik at de kom inn fra nord og kunne angripe breidsiden på skipene. Fløy lavt over hustaket vårt og åpnet ild akkurat i det de stupte ned mot sjøen.

Larmen var enorm. Vi sto tett sammen i det hjørnet av kjelleren som har fjellvegg på en side og ei stor steintrapp på annen side.

Øyeblikk – og evighet!

Å si vi var lamslått av skrekk er vel et passende ord, - og så en uvirkelig stillhet idet skytinga opphørte. Men flyene hadde bare gjort en sving, og angrep på nytt. Jeg kan huske vi så ildregnet mot den mørke furuskogen.

Omsider ble det stille, og da vi hadde roet oss litt, ville far gå til sjøen for å se hvordan det hadde gått med farfar.

Da var det vi så en tysker komme sør på haugen, ikke veien fra sjøen, men oppe i skogen. Han har nok kommet



*Våningshuset på Hjertnes  
Foto fra Halldis Hjertnes Tollaksen*

seg i land på Steinavika og tatt beina fatt. Han var søkkvåt, hadde gevær, og skulle ha telefon. Vi hadde ikke telefon på den tiden, og far vegret seg for å forlate familien i disse omstendigheter. Men da satte han geværet i ryggen på far og kommanderte han til nærmeste telefon. Jeg kan ennå se for meg, - far foran og tyskeren bak med geværet, der de går ned til Nordavika for å dra til Bærøy der nærmeste telefon var.


For å komme til Bærøy måtte vi gjennom Langestraumen. I sterk motstraum er det vanlig å gå tett opp til Straumsteinen. Hva tyskeren tenkte er ikke godt å si, han ble i alle fall redd, trodde visst det var sabotasje på gang. Han skrek opp på et haltende norsk at det ventet straff om det skjedde noe.

Innen far kom tilbake var ene stua hjemme full av tyskere. De kom bærende med noen, andre ble hjulpet av en mann på hver side og ble nærmest slept avsted. I kjelleren sto det et langbord, - der la de en hardt såret, han hadde skuddsår i hals, mage og lår. Mor ble kommandert til å holde varmen ved like i kjeller og stue og til å skaffe varmt vann. Og de ville ha en pute til å legge under hodet hans, den ble straks blodig. Den store komfyren i kjelleren glødet, å få det varmt der nede var ikke lett.

Hva jeg skulle i kjelleren vet jeg ikkje, men snudde da jeg så det åpne såret i magen og noe som rant ut over bordet. Det kom et skrik av og til og noe som hørtes ut som han ropte på far.

Han døde der nede på kjellerbordet.

Det sto en slagbenk der nede også, og der satt det et par tre stykker som ble bandasjert, blodet rant ned over benken, - vi skrapte det av senere. I stua var det fullt, det kom og gikk folk hele tiden, bandasjer, morfinsprøyter og brennevin overalt.



*Farfar Berner Hjertnes f. 21 april 1875.  
Bildet er tatt ca. 1960  
Foto fra Halldis Hjertnes Tollaksen*



*Kart over Hjertnesvågen*

Vi holdt oss inne hos farmor i hennes stue, men gikk ut og inn som vi ville. Jeg kom ut på gårdsplassen, der sto to menn med en tredje mellom seg, hengende over skuldrene deres. Han hadde åpent sår i ansiktet, i kinnet, så tunga hang ut og kjeven ned. Og åpent sår i magen, jeg så inn på tarmene. Enda en kom til og holdt en flaske brennevin i munnen på han, mens han støttet opp haken.

Det var så grotesk at jeg gikk inn og lo! Det var jo bare en tysker!


Det var begynt å mørkne da hjelpen kom og huset tømtes. Den døde i kjelleren ble lagt på en bære med et håndkle over ansiktet og den flate offisershua oppå.

Det så ikke ut etter dem, og lukten glemmer jeg aldri. Luften var stinn av tobakk, brennevin, våte klær og blod, og gulvene var oppskrappt av hæljern. En stor julekaktus som hadde stått full av knupper hadde mistet hver eneste en.

Rundt det ene benet på skjenken var en stor levret blodpøl, og det fløt med blodige bandasjer og brukte sprøyter.

Vi vasket og skurte og vasket igjen, og det ble noenlunde rent til denne siste krigsjulen også.

Farfar som var ute ved sjøen da angrepet skjedde, hadde krøpet i ly av en stor skrånende stein like ovenfor naustet. Han fortalte at da angrep nr. to kom,



*Austre naustet i Hjertnesvågen, ca. 8 x 5 m.*

*Her lå de sårede "flogagde"*

*Foto fra Halldis Hjertnes Tollaksen*



*Her ved Lindalsneset lå de tyske båtene*

*Foto fra Halldis Hjertnes Tollaksen*

var en del folk kommet i livbåten og ble angrepet der. Og austre naustet som tilfeldigvis var tomt for båten den dagen, ble straks fylt med sårede. En av tyskerne snakket bra norsk, han ville jage farfar ut av naustet, men han ble værende.

Neste dag var båtene borte, sansynligvis slept bort. Det lå en hullet livbåt i støa, og en seilduksflåte var også drevet i land.

Da far og jeg gikk til sjøen dagen etter, ble plutselig hunden vår opptatt med noe i veikanten. Det var et stykke av et fotblad med 2 – 3 tær på!


I og rundt naustet lå det istykker-revne uniformsdeler, blodige bandasjer, flasker og sprøyter. I en jakkearm lå også armen.

Da ble jeg sendt hjem, men jeg kan ikke huske at jeg reagerte noe særlig, for som sagt, det var jo bare tyskere.

Vi skulle ikke snakke om dette som var hendt, best å tie det ihjel, glemme mest mulig. Men hendte at det ble slengt noen ord om at Hjertnesfolket hadde hjulpet tyskerne. Det fortalte jeg hjemme. ”Det skal du ikke bry deg om, de vet ikke hva de snakker om,” var beskjeden jeg fikk. Men jeg husker jeg sa en gang: ”Du har ikke sett far din med et gevær i ryggen du.”

I ettertid har vi hørt forskjellige utgaver av denne ”historien”, bl.a. at det skulle være sluppet bomber. Det er ikke sant. Hvor mange fly som angrep, vet jeg ikke, der vi sto i kjelleren hadde vi ikke mulighet til å telle, men det var mange.

*Kanskje var det slike fly som angrep de tyske båtene i Hjertnesvågen. Det britiske flyet på bildet er av typen Beaufighter og ble mye brukt langs norskekysten på jakt etter tyske marinefartøy på slutten av Andre Verdenskrig. Flyene tilhørte sansynligvis Banff Strike Wing som hadde base i Skottland. (red. anm.)*



Og mange skudd ble avfyrt fra begge sider, det haglet med tomhylser over hele garden, helt ut til Tjong fant man dem. Men ingen bomber, det kunne farfar avkrefte.

7. mai 1945.

Igen tysk båt ankret opp i vågen og dykkere som gikk ned for å hente opp et eller annet. Det var en fin vårdag, og vi satte poteter. Hønsene til farmor gikk ute, og da noen tyskere kom til gards og fikk se dem, skulle de ha egg. Farmor turde ikke si nei, og de betalte godt. Da fikk de se den store flotte hanen som gikk og spankulerte i tunet, den ville de ha! Kan skjønne de kunne ikke få hanen, mente farmor. Men da de litt senere kom med en brusflaske fyllt med kaffebønner som de ville gi i bytte for hanen, klarte ikke farmor å si nei.

Så de vred hodet av hanen, holdt opp skjørtet til farmor og tømte kaffen i det, flasken måtte de ha med seg igjen.

Så utpå ettermiddagen var det to tyskere som ville være med å sette poteter, vi arbeidet ikke fort nok, mente de, så de sprang i fårene for å vise hvor fort det skulle gjøres.

Da plutselig hørte vi skipsfløyta gi noen signaler, de slapp hva de hadde i hendene og la på sprang. Vi skjønte jo at det var en innkalling.

Senere på kvelden, fremdeles 7. mai, kom naboen, Lauriz Bjørnevik, og fortalte at krigen var slutt. Det var jo en gledens dag for oss alle, men det jeg husker best var duften av ekte kaffe.

Ikke mange kunne feire freden med det!

# ”SJØDRAAT”

Av Kjell Birger Sønstabø

I perioden 2001-2004, då ein laga boka om ”Fartøy til fiske og frakt - Båtar frå Søre-Bømlo og Espevær” fekk ein stor hjelp av Knut Kvernenes sin kunnskap vedrørende fartøyhistorie. Det var informasjon frå Knut si tid som medeigar av Espevær Slipp og Mek. Verkstad i tida frå 1940 fram til i dag. Og sjølv i dag med høg alder, set minna til Knut frå denne tida veldig godt.

Eit av dei fartøya han i detalj kunne fortelja om, og som festa seg sterkt for underteikna, var den tidlegare ”loggeren” ”SJØDRAAT”. Dette fartøyet vart bygt om i verkstaden hans saman med naboverkstaden til Johannes Mæhle like etter krigen. Med mangelfullt materiell, utstyr og hjelpemidlar fekk dei bygt om og utrusta fartøyet til et av datidas moderne fiske- og fraktefartøy. Knut kunne gi ein detaljert historie av kva som blei utført på fartøyet og korleis ein måtte hjelpa seg i ei slik vanskeleg tid. Dette har underteikna fått notert ned, sidan kontakta fleire av dei seinare eigarane og sett saman det heile til ein liten artikkel om kystfartøyet ”SJØDRAAT” si nesten 100 års historie. Dette kan kanskje også vera av interesse for andre med interesse for fartøyhistorie.

## Tekniske data

Motorkutter ”SJØDRAAT” vart bygd i 1908 ved Cochrane & sons i Selby i England som bygg nummer 433. Den vart ombygd ved Espevær slipp og mekanisk verkstad i 1948.

Tonnasje: 95,48 brutto.tonn, 33,58 netto.tonn  
130 t.dw.

Dimensjonar: 84,4 f.l 18,2 f.b 8,4 f.d.

Motor: 311HP Crabtree & co Ltd. Damp (1908), 160 Hk GM (ny, isett 1948), 100 Hk Union (ny, isett 1952), 160 Hk Wichmann (frå 1956, isett 1966).

Kjenningsignal: LLUR


## Tidleg historie

Fartøyet var bygd som fiskefartøy av type ”logger” med namn ”NORFOLK COUNTY” for County Fishing Co Ltd. i Lowestoft. I Lowestoft fekk fartøyet fiskerinummer LT-103. I perioden 1915-1919 var ”NORFOLK COUNTY” tatt over av den Britiske marine og brukt som minesøkjar. Det same var den i perioden 1941-1945, men då brukt i teneste som ”Target Service”. Den 17.09.1944 vart fartøyet selt til Smaller & Co Ltd. i Lowestoft, framleis med same fiskerinummer.

## Til Noreg

Sommaren 1946 vart damptrålararen selt til Noreg til Hoskul Halvorsen Østhus i Vedavågen, saman med sønene Marselius og Hersten Halvorsen. Hoskul reiste til England og tok over fartøyet som då var utrangert frå fiske og låg i opplag. Båten gjekk for egen dampmaskin heim.

I tillegg til ”NORFOLK COUNTY” kjøpte Hoskul også ein såkalla ”engelskman”, ein kutter som dei slepte heim med hjelp av damptrålararen. Denne ”engelskmannen” var av ein av dei seinare typar kutterar som det var bygd så mange av i England. Ja, på slutten av 1800-talet var det så mange som over 3000 som eksisterte på ein gong. Denne kutteren var mykje lik ”MILLER” som også vart kjøpt inn til Noreg like før krigen. Det hadde ikkje vore motor i kutteren. Denne nyinnkjøpte kutteren vart sidan slept inn til Gjerde i Gjermundshavn for å bli ombygd. Men dette vart det ikkje noko av etter som ein ikkje hadde konsesjon på fartøyet. Den vart ståande på land til den datt ifrå kvarandre av seg sjølve. Odd Sønstabø og Knut Kvernenes frå Espevær var seinare inne i Gjermundshavn ein gong tidleg på 50-talet og skulle sjå på kutteren for mogeleg kjøp.



*Sjødraat i England før 1940  
Foto frå Parry Watson samling*

Men "engelskmannen" var då i så dårlig stand at den måtte ha blitt driven heilt ifrå botn og opp viss den skulle verta nytta i fart igjen. Mastrene var då allereie tatt av. Det same var dekket og alt utstyret over dekket. Både mastrene og dekket hadde alt blitt brukt på "NORFOLK COUNTY". Dekket vart der nytta til galgedekk.

"NORFOLK COUNTY" vart etter å ha kome til Noreg bygd om, og fekk namnet endra til "SJØDRAAT". Men først vart den gamle dampmaskinen, styrehus og dekk fjerna i Haugesund.

### **Til Espevær**

Våren 1947 vart "SJØDRAAT" slept til Espevær av kutteren "JEIN", som Hoskul også eigde.

I Espevær fekk Sørensen og Co alt stålarbeidet på båten, og brødrene Kvernenes ved Espevær Slipp og Mek. Verkstad hovudjobben, samt å gjere ferdig trearbeidet. "SJØDRAAT" kom til å liggja i Espevær i om lag 1 år. I den tida kom Hoskul og søner til å vera i Espevær med kutteren "JEIN", som dei budde i. Hoskul hadde sjølv jobben med å skaffa til vegars alt utstyr og materiell for ombygginga av

"SJØDRAAT". Etter som mest all industri i krigen var lagt om til krigsproduksjon, var det svært vanskeleg rett etter krigen å få tak nytt materiell og utstyr.

Nytt dekk, styrehus og galgedekk på "SJØDRAAT" vart montert ved Espevær Slipp og Mek. Verkstad av brødrene Johannes og Knut Kvernenes. Dekksmateriell vart skaffa i Bergen og henta til Espevær av "JEIN". Julius Sørensen og svigersonen Johannes

Mæle i Espevær hadde jobb med å byggja ny jernkeising. Det var vanskeleg å få tak i stålplater. Men plater vart til slutt skaffa frå A/S Stord Verft og frakta til Espevær av "JEIN". Delar av eit brukt styrehus vart også kjøpt frå A/S Stord Verft. Styrehuset hadde vore på ein større båt, men det vart demontert der i delar og frakta til Espevær. Enkelte delar, slik som styrehusfront, vindauge og dører vart nytta til nytt styrehus på "SJØDRAAT". Den bakre delen på det nye styrehuset og taket vart laga heilt nytt. Styrehuset vart bygt direkte om bord i fartøyet.

Dette styrehuset var det andre som Kvernenes bygde etter at dei tok over verkstaden i 1940. Det første styrehuset som vart laga der, vart montert på kuttaren "SIGBJØRN" frå Moster i 1946. Den same lesten på det styrehuset vart også nytta til "SJØDRAAT" i 1947. Ein hadde ikkje teikningar i den tida for eit slikt arbeid, og for Knut som bere var 27 år den gongen var det ei stor utfordring. "Ein måtte tenkja mykje før ein starta på eit slikt arbeid", seier i Knut i dag, nesten 60 år etter denne ombygginga. Johannes Olsen som alt då var ein velkjend styrehusbyggjar frå Espevær, (haldt til i Stavanger seinare), var nok ein inspirator for Knut og Jonas for å få til eit så godt resultat.



*Johannes Kvernenes 1948 i Marinen*



*Knut Kvernenes 1953*



*Espevær Mek. Verkstad til høyre og Johs. Mæhle til venstre. Ca. 1950  
Alle foto på denne sida frå Knut Kvernenes*



Lugarar for 5 vart innreia framme i baugen, samt to lugarar i keisinga og ein i bestikken. Elles vart det ikkje innreia lugarar akterut på denne tida. Frå Bergen vart det kjøpt inn ein Normo laste/losse winch, som også vart montert i Espevær. Det var ein oppfyringsmotor som dreiv den. Winch-arrangementet likna mykje på den meir kjente type "Lidan" som stod i mange norske fiske- og fraktesfartøy på denne tida.

Heile ombygginga kom til å kosta Kr 9000 i arbeidspengar for det arbeidet som vart utført i Espevær dette eine året.

Då styrehuset var ferdig montert og ein var klar til å montera framdriftsmaskinen, vart "SJØDRAAT" slept tilbake til Vedavågen av "JEIN". Knut Kvernenes var og med dit, og han fekk montert maskinen på ein verkstad på Munkejord ute i Vedavågen. Dette arbeid ville dei ikkje gjera i Espevær då dei ikkje hadde fått elektrisk sveisapparat der endå. Og fundamentet til motoren ville ein ikkje klinka. Framdriftsmaskinen var ein ny 160 HK GM som kom frå Amerika. Det var svært vanskeleg å få tak i ny maskin rett etter krigen, men Hoskul som tidligare hadde vore i Amerika, klarte det. Den første båten som fekk montert GM i Noreg var "LOVIMA". "SJØDRAAT" var den andre. På Ytreland på nordsida av Vedavågen fekk dei sett inn propell på ein verkstad med slipp.

Ein fekk sydd segl som storsegl, fokk og mesan på Karmøy. Mastrene vart også monterte i Vedavågen. Nokre dørkar vart og laga til i Vedavågen, i det som seinare kom til å bli lugar akterut. Noko garnering på innsida av skroget vart og montert der. Sommaren 1948 var "SJØDRAAT" ferdig ombygd til eit tidsmoderne fiske- og fraktesfartøy.

### **Islandsfiske**

Prøveturen var ein tur ut og inn Vedavågen, og då alt fungerte fint vart fartøyet levert

tilbake til reiar. Til prøveturen hadde dei med ein mann frå GM Agenturet i Oslo. Deretter var det så snart som mogeleg å rusta ut for drivgarnfiske etter sild ved Island. Då "SJØDRAAT" var ferdig ombygd, vart kutteren "JEIN" i juni 1948 seld til Ola Stoknes i Espevær. Dei andre rogalandsfartøya som skulle på islandsfiske var dradd for lenge sidan frå Noreg. Dermed måtte ein snarast ta inn utstyr og proviant. Ein tok inn 800 tomtønner, salt, proviant, vatn og diesel samt ein drivgarnslenk på om lag 40 garn. Knut Kvernenes vart også med på islandsfiske som maskinist. Det var ein son til Svein Ytreland som var skipper på denne turen. Dei var i alt 8 mann med på turen. Dei fleste var frå Karmøy. To mann var frå Kvalavåg, stuerten frå Kopervik og dei to sønene til Hoskul, nemleg Marselius og Hersten var med som mannskap.

Dei kom som før nemnt helst seint av garde dette første året, og dermed kom dei også seint heim. Turen over gjekk utan problem. Då dei nærma seg Island, møtte dei eit fartøy frå Færøyane. Dermed fekk dei lagt om kursen og møtte land ved Langenes. I vekene låg dei ute og fiska, men om helgane var dei i land i Seydisfjord. Der var det hundrevis av fartøy samla, dei aller fleste frå Vestlandet. Dette året var det heile 7 fartøy rusta ut frå Espevær. Etter 6 veker med fiske var det full last, nemleg 800 tønner fulle med sild. Drivgarn vart nytta som reiskap til dette fisket ved Island.

På heimturen var det meininga at dei skulle ta fartøyet "SHETLAND" av Haugesund på slep, då dette hadde fått maskinproblem. Lykkelegvis vart det ikkje noko av dette, dei fekk nemleg ein kraftig storm undervegs heim. "SJØDRAAT" var komen til Shetland då uværet trefte fartøyet. Dei måtte leggja fartøyet på veret, med baugen mot vest der stormen kom frå. Stormen var så sterk at den bles duken ut av lika, og alle dei nye segla gjekk tapt. Om bord på "SJØDRAAT" var det lagra om lag 150 tønner på dekket ved skansekledinga og galgedekket. Alt dette sleit

seg i uværet og for på sjøen. Livbåten som var av den mindre engelske typen var sett på luka framom styrehuset, men med kjølen opp. Den vart til sist berga, men den hadde ikkje vore til mykje hjelp om det hadde blitt behov for å setja den på sjøen i det veret. I baugen på skroget gjekk det ein nagle i ei plate, og vatnet lak inn til oppover dørken framme i lugaren. Dermed rauk sigarettkvoten i vatnet. På heimturen hadde dei fått med ein nordmann som skulle tilbake til Noreg. Han fekk køyplass i bestikken bak i styrehuset. Men ein kraftig sjø knuste eit av styrehusvindauga og fylte køya hans med sjø. Etter 19 timer mot uveret tok det til å løya, og baugen vart igjen vendt mot aust til Noreg. Det første dei fekk sjå av land på kysten av Noreg var Siggjo, og dei kunne dermed gå mot søraust til Vedavågen på Karmøy. Dei 650 tønnene som var igjen vart så frakta til Sverige.

Islandsturen vart god for Knut. Mannskapet fekk dels lut og dels hyre, og Knut fekk heile Kr. 3000 for turen. Dette kom til å bli første og siste større fisketur for han. Seinare vart det berre verkstadarbeid.

Sjølv om "SJØDRAAT" var i fiske denne sommaren vart det ikkje måla fiskerinumner utanpå rekka på baugen. Heller ikkje er det klart om den fekk mellombels fiskerinumner dette året, noko som var vanleg på den tida. Den kom også seinare år til å gå på fiske til Island, i alt tre år.

Motoren av type GM kom likevel ikkje til å stå lenge i "SJØDRAAT". Den var nok helst for svak for dette fartøyet. I 1952 vart det satt inn ein ny robust tungbygd 100 Hk Union.

Først den 10.12.1952 vart den registrert i fiskeriregisteret for Åkra på Karmøy. Den fekk då fiskerinumner R-231-A. På heile 1950-talet var den på fiske med fraktfart mellom sesongane. Snurpedavitar vart monterte. Hoskul hadde sjølve notbruk. I

to år i dei gode åra midt på 50-talet hadde ein snurpenot etter vintersild med doryar på henne. To vintrar var ein også på lofotfiske med henne. Marselius var skipper mesteparten av tida då den høyrde heime på Karmøy. Første året på vintersildfiske var Herstein Halvorsen bas, og det andre året Torleiv Vea. Herstein hadde då flytta over som bas på det andre snurpefartøyet, "ALEXANDER", som også var eigd av dei same som eigde "SJØDRAAT".

I 4 år vart "SJØDRAAT" frakta av Endre Haugland og Peder Storebø frå Austevoll.

Fiskerinumneret vart stroke i 1961. Sidan den tid var ikkje "SJØDRAAT" lenger på fiske, men i fraktfart.

### **Til Moster**

I juli 1961 vart fartøyet selt til Mandius Skimmeland P/R i Mosterhamn. Mandius eigde fartøyet saman med Arne Knutsen, også frå Mosterhamn. Seinare kom sønene deira, Bendik Skimmeland og Kristian Knutsen med som eigarar. Første turen for ny eigar gjekk frå Moster til Stord med bryllupsfylgje som haldt feiring der. Utover sommaren låg den i Tressvika i Grindheimsvåg på Moster og fekk forlengd luka og montert ny lukekarm. Frammastra fekk montert på røyrstag, og den fekk montert bomsvingar og lastebom.

I perioden hausten 1961-1967 gjekk "SJØDRAAT" m.a. i fraktfartrute mellom Stavanger og Bergen. Denne farten gjekk dei saman med 5 andre fartøy frå Moster og eit frå Auklandshamn i Sveio. Det var "BELLA", "RYVAR", "SIGFJELL", "SOLVANG II" forutan "SJØDRAAT" frå Moster og "HØIEVARDE" frå Auklandshavn. Dei gjekk i frakt med all slag stykkgoods frå poteter til stålplater og stålbjelkar. Ei vanleg veke kunne vera på måndagen å losse i Stavanger. Tysdag å laste i Stavanger, Sandnes eller Jørpeland. Tysdag kveld var dei innom Kopervik.

Onsdag formiddag lossa og lasta dei i Haugesund. Om onsdag kvelden låg dei heime på Moster, men utpå natta var det å gå vidare nordover. Torsdag lossa dei i Bergen. Dei starta gjerne ute i distriktet utanfor byen og enda i Vågen. Fredag formiddag lasta dei i Vågen og klokken 15.00 gjekk dei igjen på veg sør. Om kvelden var dei heime på Moster. Laurdagsmorgon var det å gå til Haugesund og losse/laste for å gå heim igjen laurdagskvelden. Søndagskveld gjekk dei til Stavanger. Det var 4 mann om bord, som seinare vart redusert til 3 mann. Dei andre fartøya kunne ta kvar sine dagar.

Det vart lite utskifta på "SJØDRAAT" i perioden då den høyrde heime på Moster. Det var noko problem med maskinen, og ein gong i januar 1965 vart veivakselen brekt medan dei var på Boknafjorden. Ny veivaksel og sylinder vart skifta hos Bjørnevik slipp på Hundvåg ved Stavanger. Dei hadde fleire problem dette året med at sylindarboltane rauk. På hausten 1965 gjekk dei til Mælandsvågen på Bremnes og tok ut den gamle Unionen som gjekk til skrap. Ein brukt 2 sylinder AC 160 HK Wichmann vart montert hos Halleraker & Co. Denne hadde Bendik Skimmeland fått kjøpt frå Nord-Noreg, og hadde stått i eit fartøy før. Det var Arne Innvær på Mæland som monterte "Rubben" i Mælandsvågen. Av denne type 2AC vart det ikkje produsert så mange. Den var kraftig dimensjonert og var helst tenkt for maskinar for fleire enn 2 sylindrar. Maskinen kom til å stå i så lenge fartøyet var i Noreg.

### I sandfart

I august 1967 vart fartøyet selt til Johannes Skaten, Onarheim på Tysnes. Då vart "SJØDRAAT" bygd om til sandfartøy. Johannes seier i dag "at den lasta noko mindre



*Sjødraat i Bergen 1991*

*Foto tatt av Svein Tore Sønstabø*

enn antatt, og at den var noko flat i botnen. Dette resulterte i at fartøyet slingra ein god del i sjøgang med last over Sletta nord av Haugesund". På Tysnes var den mest brukt i sandfart. Den gjekk mykje med last av sand frå Etne til bygdene i Sunnhordland og til Nord-Rogaland. Dei gjekk då mykje i charter for Statens Vegvesen. Elles var det frakt av asfalt frå Karmøy til m.a. Sauda. Den vart også nytta som øvingsfartøy for heimevernet då den høyrde heime på Onarheim.

Allereie etter 2 år, i 1969, vart den selt til Osvald Kallestad P/R i Stamneshella i Osterfjorden ved Bergen. Dei gjekk mykje i sandfart m.a. i Hardangefjorden. Den leverte mykje sand til Odda.

I 1977 vart den selt til Richard Veland, Andvikgrend i Masfjorden. Han hadde fartøyet i regulær sandfart i bergensområdet heilt frem til 2000. Ein lasta sand i Andvikgrend i Masfjorden og gjekk mykje til Bergen. Elles lasta ein mykje i Modalen eller i Eikefedt i Osterfjorden, og lasta kunne gå sør til Austevoll eller aller lengst nord til stader i Sognefjorden. I samtale med Richard seier han at "det var 2 mann om bord, og ein gjekk frå heimlassen måndag morgon og var ikkje



*NORFOLKCOUNTY ex Sjødraat er tilbake til England etter 2000  
Foto frå Kjell Birger Sønstabø si samling*

heime igjen før til helga. Som oftast kunne dei gå heile 12-18 timers dag." Dei siste 11 åra gjekk dei i fast oppdrag for Bergen Sandsilo. "Rubben" stod i heile tida, men galgedekket vart demontert på Hjelmås slipp ein gang tidleg på 1980-talet. Elles vart den gamle tremastra skifta med ei i stål på ein verkstad i Stanneshella. Der vart også fronten på styrehuset og ny teakfront lagt på. Også ein del innreiing vart etter kvart skifta ut. Fartøyet var etter at det kom til Noreg måla svart, men i 1991 vart skogfargen endra til grøn. "Det passa ikkje" seier Richard så året etter vart fartøyet måla svart igjen. I alle disse åra Richard hadde "SJØDRAAT" var den i serdeles fin stand.

### **Tilbake til England**

På våren 2000, då Richard var 79 år, var det tid for han å pensjonera seg i fraktofarten, og

dermed vart "SJØDRAAT" lagt ut for sal. Det var folk både frå Afrika, Spania, Frankrike og Finland på besøk for mogeleg kjøp. Men ein Tim Carter frå Manchester i England var den som saman med 3 kameratar baug høgast og tok i slutten av juni i 2000 over skuta. Richard var med til Mastrevik i Nordhordland, der skuta var på land før kontakten vart skriven under. Salssummen var på £35.000 eller vel 450.000 NOK. Der var meininga at fartøyet i England skulle nyttast til å frakte turistar i britisk farvatn.

Då dei fira det norske flagget og sette kurs for Hull, var "SJØDRAAT" framleis mykje lik som den var då den vart ombygd for over 50 år sidan. Men det gamle engelske namnet "NORFOLK COUNTY" fekk fartøyet straks tilbake. Fartøyet hadde ved salet i

år 2000 stort sett det same styrehuset som Knut Kvernenes hadde bygt meir enn 50 år tidlegare, men det var noko fornya .

I samtale med Richard Veland i februar 2006 sa han at han hadde hatt kontakt med dei nye eigarane i England så seint som for eit par år sidan. Då var fartøyet framleis i same eige. Det var ikkje utført så mykje endringar på fartøyet etter at det kom til England, men dei haldt på med ombygging til lystfartøy med køyer og innreiing. I dei første åra låg båten i elva Ribble ved byen Preston vest i England, ikkje langt frå Liverpoole. Seinare vart den lagt opp i Penzance i Cornwall, omtrent så langt sør-vest ein kan koma i England. I dei siste åra var den lagt opp i ei ein kanal i Gloucester ikkje langt frå Wales. Men den 2. november 2004 skal den likevel ha blitt seld vidare til Frankrike. Kven den vart seld til er ukjent.

Kjelder:

Engelsk historie før 1946 frå Parry Watson i

Gorlestone ved GreatYarmouth

Knut Kvernenes, Espevær i Bømlo 85 år. Kontakta fleire gangar i perioden juli 2000-august 2006.

Kristian Knutsen, Mosterhamn 72 år. Kontakta februar 2006.

Arne Innvær, Mælandsvågen i Bremnes 76 år. Kontakta februar 2006.

Johannes Skaten, Onarheim i Tysnes 84 år. Kontakta februar 2006.

Richard Veland, Andvikgrend i Masfjorden 85 år. Kontakta februar 2006. Døde like etter.

Alf Johan Kristiansen, Sævlandsvik, Karmøy 59 år. Kontakta fleire gangar.

Magne Harald Larsen, Åkrehamn, Karmøy 60 år. Kontakta september 2006.

Fraktefarten i Moster side 237, utgitt 1998.

Fraktefarten i Stanneshella side 70, utgitt 1993.



*Knut Kvernenes ser tilbake, og kan spesielt godt minnst arbeidet dei hadde med "SJØDRAAT"*  
Foto: Kjell Birger Sønstabø

# Båten hans bestefar

Av Edvard Edvardsen

Bessen fekk båten sin flunkande ny  
når han ut på Geitung seg feste.  
Den fekk etter kvart då eit svært så godt ry,  
som sjøbåt han var av dei beste.  
Å folk vilde prøva han det var jo klart  
på bidevind gjorde han dugeleg fart  
og skulle dei utpå når været var hardt,  
var det den som vart brukt for det meste.

Og bestefar ferdast i nord og i sør,  
han seilte og rodde si rute.  
Han krøste i motvind og lenste i bør,  
og borda så mången ei skute.  
For bessen var los og han kunde sitt fag  
han gjorde sin baut og han gjekk øver stag,  
til havs kor han virka der sank han ein dag  
lik Ulabrand blei han der ute.

Og bestefar vår han kom aldri meir att  
på han gagna ikkje å bia.  
Verst var det for bestemor som heime satt  
med tre ganske små ved si sia.  
Men ingjen ting stansar og åra dei går  
og øver oss er det ein mektig som rår,  
han lindrande stryk øver verkjande sår  
dei heilar seg då litt med tida.


Båten til bestefar dreiv inn til land  
ved Skotningens sørvestre ende.  
Og ingjenting oppi seg hadde då han,  
for kjølen i veret han vende.  
Kom rekande inn i si tungsame lei,  
årer og tofter var fare sin vei,  
men ingjenting veit me for ingjen av dei  
som var med, kom og sa kva som hende.

Eit u-ord han fekk etter denne si ferd  
og bestemor vilde ikkje sjå han.  
Han sto i ei stund og var ingjenting verd.  
der var ingjen som akta meir på han.  
Og båten for ilt og han gjekk helst på slong,  
vart låna og leigd av kvar ein som trong.  
Når far min vart eldre og vaksen ein gong  
sa bestemor han kunne få han.

Han far fekk da båten og stelte han vel  
og møkje oppi den han strevde.  
Med garn og med teiner han sleit som ein trel  
og hadde han so lengje han levde.  
Ja, stødig han var når me oppi han sto  
i den lert eg segla, i den lert eg ro.  
og eg vil nå påstå at båten var god  
berre vel møkje av han dei krevde.

Eg minnes me tok med oss alt det me trong  
me skulde på sjøen og fiska.  
det gnissa i kjeiper, i riggen det song  
når vinden den tok til å friska.  
Og eg rodde møkje i saman med far  
ifrå eg var liten gut til eg vart kar,  
no er han borte, men båten eg har  
og minner er ikkje ut-viska.

No heng han i naustet, rundt om han er stilt  
og forbi er dei slitsame åra.  
Eg stryk øver esingjå, varsamt og mildt,  
eg snur meg og løyner ei tåra.  
Eg óg er blitt gamal og håret er grått,  
men gjilt sku det vore når havet er blått  
å atter heist segl på den eldgamle drott  
og leika meg med han på båra.



Teikning: Odd Engen



*Langevåg på slutten av 1950-talet*

Biletskanning, formgjeving og sideombrekking:  
Bernt Emil Vika  
Trykkeri: A1 Stord Grafisk AS